



BO Arkitekter AS

Referanser:

Dykkar: Klaus Bo Christensen
Vår: 17/154 - 17/34820

Saksbehandlar:

Irene Wilhelmsen
Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no

Dato:

11.12.2017

Svar - Knarvikparken Gbnr 188/757 spørsmål til trafikketaten

Viser til vedlagt vegnorm for Lindås kommune. Norma vert nytta som rettleiar.

I bustad- og næringsområde er det glidestøypet betongkantstein som gjeld, samt asfaltdekke og universell utforming.

Utdrag frå vegnorm:

4.3 Ledelinjer for blinde og svaksynte

I gågater og på viktige fortau i sentrale strok, og dessutan busshaldeplassar, vert leielinjer og varselmarkeringar lagt ved gangfelt o.l. i samsvar med VD HANDBOK V129 **Universell utforming.**

4.4 Kantstein

I sentrumsområde vert det nytta granittkanstein i samråd med vegeigar.

I bustadsområde og næringsområde vert det nytta glidestøypet betongkantstein med høgd 16 cm i fortau, rabattar og trafikkøyar. Rette hjørne/knekkpunkt skal ikkje nyttast, min. 2 m hjørne-radius skal nyttast, med unntak av øysspissar.

Busslommer skal ha kantsteinhøgd på 18 cm (av omsyn til innstiging for rørslehemja).

Ved gangfelt og avkøyrslar skal kantstein ha høgd 2,5 cm. Nedsenking ved gangfelt og avkøyrslar vert gjort over ei lengd på 1,5 m til kvar side.

Fortau vert avslutta i kryss med låg (4-5 cm) kantstein med asfaltkile. Kantsteinen bør svingast inn i sideveg.

Mellom sykkelveg og fortau vert det sett ned ikkje-avvisande kantstein med høgd på 5 cm.

Med helsing

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Irene Wilhelmsen
ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vegnorm 2017 for Lindås Kommune

Mottakarar:

BO Arkitekter AS